



MØTEPROTOKOLL

Utval: Formannskapet
Møtestad: Voldsfjorden, Volda rådhus
Dato: 16.05.2017
Tid: 12:00

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Reprenterer
Jørgen Amdam	Leiar	AP
Fride Schjølberg Sortehaug	Nestleiar	V
Odd Harald Sundal	Medlem	SP
Sølvi Dimmen, møte kl. 12.15	Medlem	SP
Gunnar Strøm, permisjon kl. 14.50	Medlem	SV
Margrete Bjerkvik	Medlem	KRF
Odd Arne Folkestad	Medlem	FRP
Dan Helge Bjørneset, møte kl. 12.10	Medlem	H

Faste medlemmer som ikkje møtte:

Namn	Funksjon	Reprenterer
Anders Egil Straume	Medlem	KRF

Varamedlemmer som møtte:

Namn	Møtte for	Reprenterer
Erlend Krumsvik	Anders Egil Straume	KRF
Øyvind Festø, møte kl. 14.50		MDG

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Rune Sjurgard	Rådmann
Jørgen Vestgarden	Utviklingssjef, PS 77/17 og 79/17
Torgeir Stensø	Planleggar PS 79/17
Elin Høydal Vatne	Leiar rus- og psykisk helseteneste PS 78/17
Henrik Skovly	Økonomisjef PS 80/17, 81/17 og 82/17
Marija Ostojic	Rekneskapssjef PS 80/17, 81/17 og 82/17



SAKLISTE

Saksnr.	Sak
PS 75/17	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 76/17	Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte
OS 86/17	LNK - Landstinget 2017
PS 77/17	Planid 2012009 - Reguleringsplan Rotsetfjora - spørsmål om oppstart av privat planarbeid
PS 78/17	Høyring - revidiert bustadsosial handlingsplan
PS 79/17	Sentrumsprosjektet - tiltak/gjennomføring/budsjett – 2017
PS 80/17	Rekneskap 2016
PS 81/17	Årsmelding 2016 - Volda Kommune
PS 82/17	1.Kvartalsrapport 2017
PS 83/17	Volda kommune som Fairtrade kommune
PS 87/17	Oppnemning av representantar til styret i Furene AS
PS 84/17	Helseplattform- Pasientadministrativt system (PAS) og elektronisk pasientjournal (EPJ)
PS 88/17	Høyring - "En mer effektiv og fremtidsrettet hjelpemiddelformidling"
PS 85/17	Orienteringssaker
OS 82/17	Bruk av opsjon, leigetilhøve – NAV
OS 83/17	Nye kommunar i Møre og Romsdal - Informasjonsskriv frå Fylkesmannen nr. 2
OS 84/17	Val av konsept KVVU - Rv15 Strynefjellet
OS 85/17	Hoppid.no - tildeling av økonomisk ramme for avklaring av forretningsidear 2017
OS 87/17	Lokale til Volda ungdomsklubb



VOLDA KOMMUNE

- PS 86/17 **Referatsaker**
- RS 7/17 **Oversendelse av fornyelse av anleggskonsesjoner - brev til SFE Nett AS**
- RS 8/17 **Hellesylt Hydrogen prosjektet - omtale på Hannovermessa**

PS 75/17 Godkjenning av innkalling og sakliste

Handsaming:

Innkalling

Ettersendt dokument 15.05.2017:

Styringsgruppa for fairtrade-kommunane Volda og Ørsta. *Vedr. Sak om framtida til Volda som Fairtrade(FT)-kommune.*

Det var ingen merknader til innkallinga.

Sakliste:

Gunnar Strøm bad om å få orientere om LNK Landsting 2017.

Ordføraren kom med framlegg om at følgjande saker vert sett på saklista:

- Oppnemning av styrerepresentant til Furene as
- Lokale for ungdomsklubben

Rådmannen informerte om at plan- og miljøkonsulenten sluttar i stillinga og pensjonert planleggar i Volda kommune vil vikariere i stillinga ut året 2017.

Dan Helge Bjørneset møtte kl. 12.10.

Odd A. Folkestad reiste spørsmål om handsaming av OS 79/17 Høyring – ”En meir effektiv og fremtidsrettet hjelpemiddelformidling”.

Odd A. Folkestad reiste spørsmål om mobildekning i Indre Dalsfjorden. Ordføraren informerte om at betring av mobildekninga vert arbeidd med for heile kommunen.

Røysting:

Innkalling og sakliste med tillegg frå Gunnar Strøm, ordføraren, rådmannen og Odd A. Folkestad vart samrøystes godkjent.



PS 76/17 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte

Røysting:

Møteprotokollen frå sist møte den 02.05.2017 vart samrøystes godkjent.

OS 86/17 LNK - Landstinget 2017

Gunnar Strøm orienterte om Landstinget 2017 for LNK, som skal haldast i Ulsteinvik 8.-9. juni. Gunnar Strøm oppmoda formannskapet til å møte på Landstinget.

Sølvi Dimmen møtte, kl. 12.15.

PS 77/17 Planid 2012009 - Reguleringsplan Rotsetfjora - spørsmål om oppstart av privat planarbeid

Administrasjonen si tilråding:

- 1. Formannskapet finn å kunne gje løyve til fremjing av ny plan som privat detaljreguleringsplan i regi av Sunnmøre Invest AS for området mellom Scana si bygseltomt 30/1-3 og småbåthamna, der arealbruksformålet for området 30/157 og 30/286 med tilstøytande areal vert tilrådd endra frå industri/kontor til bustad (ev bustad/næring).*
- 2. Gjennom planprosess må ein sjå nærare på tiltenkt bygningsvolum, byggehøgder og etasjetal, tilrettelegging av trafikale tilhøve og naudsynte uteopphaldsareal m.m, og korleis dette kan avstemmast mot omgjevnadane med etablert bumiljø og verna bygg/område.*
- 3. Eksisterande bygningsmiljø og naustområde/fjora sør for Naustvegen skal inngå i ny plan, der omsynet til bevaring av bygningsmiljø og sjøtilknytning skal avklarast og nyttast som viktig element i ny plan.*
- 4. Ein skal ved ny plan ivareta også dei behov for tilkomst-, parkeringsareal m.v for Garveriområdet som var lagt til grunn ved tidlegare planframlegg.*
- 5. Kommunen sin eigedom 30/286 skal inngå i plan og skal også i ny plan kunne nyttast for sikring av tilkomst til heile utbyggingsområdet og for tilkomst og parkering for Garvarbuda m.m.*
- 6. Kommunen vil ta stilling til eventuell avståing av grunn frå 30/286 som det ut frå godkjent plan vil vere behov for, for å sikre samla utbygging etter plan når plan er utarbeidd. Ved regulering og i eventuell avtale vil det vere aktuelt å vurdere kommunens eigne behov for areal til sentrumsnære bustader til ulike brukargrupper i området.*
- 7. Med grunnlag i endra eigartilhøve og endra føresetnader knytt til Scana sine interesser og planar i området, ser kommunen positivt på initiativet til endra arealbruk for det aktuelle området. Ein endra arealbruk som er i samsvar med intensjon i*



VOLDA KOMMUNE

kommunedelplan Volda sentrum og tilhørende tettstadanalyse, om tilrettelegging for sentrumsnære bustader, og ynskje om å ivareta tilknytning mot sjøen.

8. *Så langt mogleg skal reguleringsplanarbeidet samordnast med rullering av kommuneplanens arealdel og kulturminneplanen.*
9. *Reguleringsarbeid - PlanID 2012009 - Rotsetfjora II og SP 1-5", - dent del av plan som omfattar Scana sitt eksisterande areal på 30/1-3, vert slutthandsama og godkjent.*

Handsaming:

Utviklingssjef Jørgen Vestgarden var til stades under handsaminga av saka.

Ordføraren kom med slikt framlegg:

Tillegg pkt. 3.

Planen skal sikre offentleg tilgjenge til strandområdet i planområdet.

Tillegg pkt. 6.

..... og området skal derfor ikkje utbyggast i denne omgang.

Odd A. Folkestad og Gunnar Strøm kom med slikt framlegg:

1. *Formannskapet viser til § 30 i PBL.
Dersom det blir aktuelt å fremme eit privat reguleringsforslag for det omsøkte området, vil formannskapet som planutval alt no påpeike:
- Idéskissa som til no er lagt fram, ligg langt frå eit forslag som ein seinare kan rekne med blir godkjent.
- Dette gjeld spesielt med omsyn til:
 - o eksisterande verna områder*
 - o eksisterande busetnad*
 - o antyda byggehøgder m.m.**
 - *Formannskapet ber difor om at det bli teke sterkt omsyn til dei merknadsskriv som alt er innkomne i saka*
 - *Formanskape kan eventuelt gi råd og bistand under planarbeidet.*
-
2. *Det vil vere ein føresetnad at eit privat reguleringsforslag vert fullt ut samordna med kommunen sitt arbeid med ny arealplan for Rotset-området og med Kulturminneplanen.*

Formannskapet vil difor alt no varsle at det ikkje kan påreknast med politisk handsaming av eit privat reguleringsforslag, før denne samordninga ligg tilfredsstillande føre.

3. *Det vil vidare vere ein føresetnad at nederste delen av fjøra som grensear mot fjorden, frå Scana/Brunvoll og så langt det let seg gjere mot Andaneset – vert regulert som fullt tilgjengeleg for ålmenta.*



Prøverøyting:

Det vart røysta alternativt mellom framlegget frå Odd A. Folkestad og Gunnar Strøm og tilrådinga frå administrasjonen. Framlegget frå Odd A. Folkestad og Gunnar Strøm fekk to røyster (Folkestad og Strøm), tilrådinga frå administrasjonen fekk sju røyster.

Det vart røysta alternativt mellom framlegget frå ordføraren og tilrådinga frå administrasjonen. Framlegget frå ordføraren fekk ni røyster, tilrådinga frå administrasjonen fekk 0 røyster.

Røysting (ni røysteføre):

Framlegget frå Odd A. Folkestad og Gunnar Strøm fekk to røyster (Folkestad og Strøm) og falt, sju røysta imot.

Tilrådinga frå administrasjonen fekk 0 røyster og falt.

Framlegget frå ordføraren fekk åtte røyster og vart vedteke, Odd A. Folkestad røysta imot.

Vedtak i formannskapet - 16.05.2017:

- 1. Formannskapet finn å kunne gje løyve til fremjing av ny plan som privat detaljreguleringsplan i regi av Sunnmøre Invest AS for området mellom Scana si bygseltomt 30/1-3 og småbåthamna, der arealbruksformålet for området 30/157 og 30/286 med tilstøytande areal vert tilrådd endra frå industri/kontor til bustad (ev bustad/næring).*
- 2. Gjennom planprosess må ein sjå nærare på tiltenkt bygningsvolum, byggehøgder og etasjetal, tilrettelegging av trafikale tilhøve og naudsynte uteoppfallsareal m.m, og korleis dette kan avstemmast mot omgjevnadane med etablert bumiljø og verna bygg/område.*
- 3. Eksisterande bygningsmiljø og naustområde/fjæra sør for Naustvegen skal inngå i ny plan, der omsynet til bevaring av bygningsmiljø og sjøtilknytning skal avklarast og nyttast som viktig element i ny plan. Planen skal sikre offentleg tilgjenge til strandområdet i planområdet.*
- 4. Ein skal ved ny plan ivareta også dei behov for tilkomst-, parkeringsareal m.v for Garveriområdet som var lagt til grunn ved tidlegare planframlegg.*
- 5. Kommunen sin eigedom 30/286 skal inngå i plan og skal også i ny plan kunne nyttast for sikring av tilkomst til heile utbyggingsområdet og for tilkomst og parkering for Garvarbuda m.m.*
- 6. Kommunen vil ta stilling til eventuell avståing av grunn frå 30/286 som det ut frå godkjent plan vil vere behov for, for å sikre samla utbygging etter plan når plan er utarbeidd. Ved regulering og i eventuell avtale vil det vere aktuelt å vurdere kommunens egne behov for areal til sentrumsnære bustader til ulike brukargrupper i området og området skal derfor ikkje utbyggast i denne omgang.*



VOLDA KOMMUNE

- 7. Med grunnlag i endra eigartilhøve og endra føresetnader knytt til Scana sine interesser og planar i området, ser kommunen positivt på initiativet til endra arealbruk for det aktuelle området. Ein endra arealbruk som er i samsvar med intensjon i kommunedelplan Volda sentrum og tilhøyrande tettstadanalyse, om tilrettelegging for sentrumsnære bustader, og ynskje om å ivareta tilknytning mot sjøen.*
- 8. Så langt mogleg skal reguleringsplanarbeidet samordnast med rullering av kommuneplanens arealdel og kulturminneplanen.*
- 9. Reguleringsarbeid - PlanID 2012009 - Rotsetfjora I1 og SP 1-5",- dent del av plan som omfattar Scana sitt eksisterande areal på 30/1-3, vert slutthandsama og godkjent.*

PS 78/17 Høyring - revidiert bustadsosial handlingsplan

Administrasjonen si tilråding:

Formannskapet syner til saksutgreiinga og vedtek å sende utkast til Bustadsosial handlingsplan på høyring.

Handsaming:

Leiar for rus og psykisk helseteneste Elin Høydal Vatne, møtte under handsaminga av saka.

Røysting (ni røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Vedtak i formannskapet - 16.05.2017:

Formannskapet syner til saksutgreiinga og vedtek å sende utkast til Bustadsosial handlingsplan på høyring.

PS 79/17 Sentrumsprosjektet - tiltak/gjennomføring/budsjett - 2017

Administrasjonen si tilråding:

- 1. Bygging av bru/turveg mellom Presteholmen og sentrum kan starte så snart grunnavtalar er på plass, pristilbod for prosjektet er innhenta og anlegget er godkjend av bygningsmyndet. Kostnadar med prosjektet vert dekt innanfor rammene til løyvde midlar på investeringsbudsjettet (kommunal del sentrumsutvikling) og med tilskot frå fylkeskommunen tilsvarende 1/3 av totalkostnadane. Eventuell redusert økonomisk deltaking av næringslivet sin 1/3 del skal dekkast opp av Volda kommune innanfor budsjetttramma for sentrumsprosjektet.*
- 2. Del av sentrumsprosjektet «Mellom Bygningane i Volda» som vedkjem mobilisering, handlingsplan for handel, Her&No-prosjekt (Volda Næringsforum sin del), vert vidareført i 2017 og vert dekt innanfor rammene til løyving på investeringsbudsjettet –*



VOLDA KOMMUNE

kommunal del sentrumsutvikling innanfor ei ramme på kr inntil 325 000 eks mva. (dvs. 50 % Volda kommune og 50 % tilskot frå Møre og Romsdal fylkeskommune).

- 3. Organisering av sentrumsprosjektet «Mellom Bygningane i Volda» - partnerskaps-avtale m.m. skal evaluerast i samband med budsjettprosess hausten 2017.*
- 4. Detaljprosjekteringa av gatemiljøtiltak i området E39/Hamnekvartalet skal fullførast. Dei elementa i ferdig detaljplan som ikkje samsvarer med gjeldande reguleringsplan vert å handsame som dispensasjon ifrå reguleringsplan.*

Handsaming:

Utviklingssjef Jørgen Vestgarden og sakshandsamar Torgeir Stensø var til stades under handsaminga av saka.

Røysting (ni røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Vedtak i formannskapet - 16.05.2017:

- 1. Bygging av bru/turveg mellom Presteholmen og sentrum kan starte så snart grunnavtalar er på plass, pristilbod for prosjektet er innhenta og anlegget er godkjend av bygningsmyndet. Kostnadar med prosjektet vert dekt innanfor rammene til løyvde midllar på investeringsbudsjettet (kommunal del sentrumsutvikling) og med tilskot frå fylkeskommunen tilsvarende 1/3 av totalkostnadane. Eventuell redusert økonomisk deltaking av næringslivet sin 1/3 del skal dekkast opp av Volda kommune innanfor budsjettamma for sentrumsprosjektet.*
- 2. Del av sentrumsprosjektet «Mellom Bygningane i Volda» som vedkjem mobilisering, handlingsplan for handel, Her&No-prosjekt (Volda Næringsforum sin del), vert vidareført i 2017 og vert dekt innanfor rammene til løyving på investeringsbudsjettet – kommunal del sentrumsutvikling innanfor ei ramme på kr inntil 325 000 eks mva. (dvs. 50 % Volda kommune og 50 % tilskot frå Møre og Romsdal fylkeskommune).*
- 3. Organisering av sentrumsprosjektet «Mellom Bygningane i Volda» - partnerskaps-avtale m.m. skal evaluerast i samband med budsjettprosess hausten 2017.*
- 4. Detaljprosjekteringa av gatemiljøtiltak i området E39/Hamnekvartalet skal fullførast. Dei elementa i ferdig detaljplan som ikkje samsvarer med gjeldande reguleringsplan vert å handsame som dispensasjon ifrå reguleringsplan.*



VOLDA KOMMUNE

PS 80/17 Rekneskap 2016

Administrasjonen si tilråding:

1. *Årsrekneskapen for 2016 (drifts-, investerings- og balanserekneskap) vert godkjend.*
2. *Rekneskapsmessig mindreforbruk i driftsrekneskapen for 2016 på kr 21.489.982 vert avsett til disposisjonsfond.*
3. *Ubrukte løyvingar på investeringsprosjekt for 2016 vert overførde til 2017.*
4. *Udisponerte salsinntekter på kr 3.625.277 vert sett av til ubunde investeringsfond.*

Handsaming:

Økonomisjef Henrik Skovly og rådmannan orienterte om saka. Marija Ostojic var til stades under handsaminga av saka.

Gunnar Strøm fekk permisjon kl. 14:50 og vara Øyvind Festø tok sete.

Røysting (ni røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Tilråding i formannskapet - 16.05.2017 til kommunestyret:

1. *Årsrekneskapen for 2016 (drifts-, investerings- og balanserekneskap) vert godkjend.*
2. *Rekneskapsmessig mindreforbruk i driftsrekneskapen for 2016 på kr 21.489.982 vert avsett til disposisjonsfond.*
3. *Ubrukte løyvingar på investeringsprosjekt for 2016 vert overførde til 2017.*
4. *Udisponerte salsinntekter på kr 3.625.277 vert sett av til ubunde investeringsfond.*

PS 81/17 Årsmelding 2016 - Volda Kommune

Administrasjonen si tilråding:

Årsmelding 2016 for Volda kommune vert teken til vitende.



VOLDA KOMMUNE

Handsaming:

Økonomisjef Henrik Skovly orienterte om saka. Marija Ostojic var til stades under handsaminga av saka.

Røysting (ni røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Tilråding i formannskapet - 16.05.2017 til kommunestyret:

Årsmelding 2016 for Volda kommune vert teken til vitende.

PS 82/17 1. Kvartalsrapport 2017

Administrasjonen si tilråding:

1. *1.kvartalsrapport 2017 vert teken til vitende.*
2. *Finansrapport (passiva) pr 30. april vert teken til vitende (vedlegg nr. 1).*
3. *Finansrapport (aktiva) pr 30. april vert teken til vitende (vedlegg nr.2).*

Handsaming:

Økonomisjef Henrik Skovly orienterte om saka. Marija Ostojic var til stades under handsaminga av saka.

Røysting (ni røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Tilråding i formannskapet - 16.05.2017 til kommunestyret:

1. *1.kvartalsrapport 2017 vert teken til vitende.*
2. *Finansrapport (passiva) pr 30. april vert teken til vitende (vedlegg nr. 1).*
3. *Finansrapport (aktiva) pr 30. april vert teken til vitende (vedlegg nr.2).*



VOLDA KOMMUNE

PS 83/17 Volda kommune som Fairtrade kommune

Administrasjonen si tilråding:

Volda kommune søker ikkje om fornying av status som Fairtrade-kommune.

Handsaming:

Brev frå Styringsgruppa for fairtrade-kommunane Volda og Ørsta. *Vedr. Sak om framtida til Volda som Fairtrade(FT)-kommune*, vart ettersendt 15.05.2017.

Ordførar kom med slikt framlegg:

Saka vert utsett.

Røysting:

Utsetjingsframlegget vart samrøystes vedteke.

Vedtak i formannskapet - 16.05.2017:

Saka vert utsett.

PS 87/17 Oppnemning av representantar til styret i Furene AS

Ordføraren orienterte om at Volda kommune skal oppnemne ein ny representant til styret i Furene as. Ordføraren kom med slikt framlegg:

1. *Tor Mikalsen*
2. *Ragnhild Aarflot Kalland*

Røysting (ni røysteføre):

Framlegget frå ordføraren vart samrøystes vedteke.

Vedtak i formannskapet 16.05.2017:

1. *Tor Mikalsen*
2. *Ragnhild Aarflot Kalland*

PS 84/17 Helseplattform- Pasientadministrativt system (PAS) og elektronisk pasientjournal (EPJ)

Administrasjonen si tilråding:



VOLDA KOMMUNE

Volda kommune signerer vedlagte fullmakt og samarbeidsavtale med Helse Midt-Norge RHF om å førebu og gjennomføre kjøp av nytt pasientadministrativt system (PAS) og elektronisk pasientjournal (EPJ).

Handsaming:

Odd A. Folkestad kom med slikt framlegg:

Saka vert utsett.

Røysting utsetjingsframlegget:

Utsetjingsframlegget fekk 1 røyst og falt, åtte røyta imot.

Røysting (ni røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Vedtak i formannskapet - 16.05.2017:

Volda kommune signerer vedlagte fullmakt og samarbeidsavtale med Helse Midt-Norge RHF om å førebu og gjennomføre kjøp av nytt pasientadministrativt system (PAS) og elektronisk pasientjournal (EPJ).

PS 88/17 Høyring - "En mer effektiv og fremtidsrettet hjelpemiddelformidling"

Handsaming:

Ordføraren kom med slikt framlegg:

«Kommunen meiner retten til hjelpemiddel framleis skal ligge i folketrygda med eit statleg finansieringsansvar og eit nasjonalt formidlingssystem for fagleg rådgiving og utlån av hjelpemiddel. Dette vil sikre funksjonshemma tilgang til nødvendige hjelpemiddel på alle livsområde slik at grunnleggande menneskerettigheter vert ivareteke.

Retten for hjelpemiddel må ikkje vere avhengig av geografisk busetjing og kommuneøkonomi. Staten bør forbetre hjelpemiddelformidlinga ved å styrke kommunane sitt ergoterapitilbod og rehabilitering, utvikle betre IKT-løysingar og gjere forenklingar.

At innbyggjarar gjennom folketrygda, er sikra hjelpemiddel som kompenserer for funksjonsnedsetting vil ha mykje å seie for eit levande lokaldemokrati der alle kan delta».

Røysting:

Framlegget frå ordføraren vart samrøystes vedteke.



VOLDA KOMMUNE

Vedtak i Formannskapet - 16.05.2017

«Kommunen meiner retten til hjelpemiddel framleis skal ligge i folketrygda med eit statleg finansieringsansvar og eit nasjonalt formidlingssystem for fagleg rådgiving og utlån av hjelpemiddel. Dette vil sikre funksjonshemma tilgang til nødvendige hjelpemiddel på alle livsområde slik at grunnleggande menneskerettigheiter vert ivareteke.

Retten for hjelpemiddel må ikkje vere avhengig av geografisk busetjing og kommuneøkonomi. Staten bør forbetre hjelpemiddelformidlinga ved å styrke kommunane sitt ergoterapitilbod og rehabilitering, utvikle betre IKT-løysingar og gjere forenklingar.

At innbyggjarar gjennom folketrygda, er sikra hjelpemiddel som kompenserer for funksjonsnedsetting vil ha mykje å seie for eit levande lokaldemokrati der alle kan delta».

PS 85/17 Orienteringssaker

OS 82/17 Bruk av opsjon, leigetilhøve - NAV

OS 83/17 Nye kommunar i Møre og Romsdal - Informasjonsskriv frå Fylkesmannen nr. 2

OS 84/17 Val av konsept KVU - Rv15 Strynefjellet

OS 85/17 Hoppid.no - tildeling av økonomisk ramme for avklaring av forretningsidear 2017

OS 87/17 Lokale til Volda ungdomsklubb

Dan Helge Bjørneset reiste spørsmål om habilitet, han er styremedlem i Industrigata AS, jf. fvl. § 6, 1.ledd, e. nr. 2 og koml. § 40.

Han tok ikkje del i handsaminga og røystinga over spørsmål om habilitet.

Røysting habilitet:

Dan Helge Bjørneset vart samrøystes kjent inhabil.

Ordføraren orienterte om at kommunen forhandlar om leige av lokale til Volda ungdomsklubb i «Propellhallen».



VOLDA KOMMUNE

PS 86/17 Referatsaker

RS 7/17 Oversendelse av fornyelse av anleggskonsesjoner - brev til SFE Nett AS

RS 8/17 Hellesylt Hydrogen prosjektet - omtale på Hannovermessa

Møtet slutt kl. 15:45

Rett utskrift,
Volda kommune, servicekontoret
18.05.2017

Sonja Håvik
konsulent